



Referat frå 5-7 sitt elevrådsmøte, onsdag 04.10.23

Desse møtte: Ronja Slettemark (5A), Runa Kvame og Emma Sofie Engeset Øybost (5B), Leander Halland Vonen og Matheo Hagenes Kvellestad (6A), Isabel Jensen Fauske (6B), Nora Taule Leikanger og Frida Lødden Hove (7A), Kristoffer Hylland Fitje og Live Thune Vaulen (7B), observatørrar frå 3.-4. trinn: Amelia Kay Shanks, Selma-Othelie Skansberg Einen, Alina Seilen Horstad og Alva Skaflestad Madsen, elevrådslærar Hilde S. Strandos.

SAKSLISTE

Sak 1: Skulemiljø

5A:	<ul style="list-style-type: none">•
5B:	<ul style="list-style-type: none">• Fleire pausar for å bli meir motivert.• Meir fysisk aktivitet.
6A:	<ul style="list-style-type: none">• Det er fint å helse på kvarandre når ein møtast.• Når ein har ein dårleg dag, skal det ikkje gå ut over andre.
6B:	<ul style="list-style-type: none">•
7A:	<ul style="list-style-type: none">• Det er bra når det er arbeidsro i klasserommet.•
7B:	<ul style="list-style-type: none">• Når det er stille i klasserommet.• Når klassen jobbar godt og det er god arbeidsro.

Elevrådet gjekk gjennom dei ulike innspela og vart samde om at elevrådsstyret skal sjå nærare på korleis ein kan arbeide vidare med å skape eit trygt og godt skulemiljø for alle.

Sak 2: Saker frå klassane

Kvar klasse kunne komme med to saker til møtet. Nokre av sakene vart drøfta og handsama av elevrådet i møtet, medan andre saker vil bli arbeida vidare med seinare.

Saker frå 5A:

- **Ynskjer meir aktivitet i undervisninga.**
Saka vart drøfta i møtet og representantar frå ulike klassar melder om at fleire ynskjer det same. Nokre fortel at ein kan bli sitjande mykje på PC når ein skal jobbe med noko. Det er viktig med variasjon og fysisk aktivitet i undervisninga. Elevrådet ynskjer at lærarane snakkar saman på tvers av fag slik at ein sikrar at det t.d. ikkje blir lagt opp til PC-arbeid mange timar på rad. Vidare ynskjer elevrådet at lærarane legg opp til meir variasjon og aktivitet i undervisninga.
- **Ynskjer å kunne bruke hovudplagg.**
Saka vart drøfta i møtet. Elevrådet viser til reglar kring caps og hette som vart arbeidd med i fjor. Desse reglane gjeld framleis og ligg vedlagt til sist – til påminning for elevar og tilsette.



Saker frå 5B:

- **Blir det kantinedrift for mellomtrinnet igjen?**

Hilde sjekkar ut med ALF 10. trinn (ny lærar og nytt tidspunkt for faget i år). Om det ikkje er aktuelt med dei, må ein sjekke om det er aktuelt for 5-7 sjølv å drifte eiga kantine. Tidlegare år (før ALF), er det 7. trinn som har drifta kantina.

Saker frå 6A:

- **Ønsker å bruke microbølgeovnen.**

Saka vart drøfta i møtet. Det kom innspel frå fleire representantar om at dette er eit gode 7. trinn har hatt og at alle elevar på mellomtrinnet ein gong vil få dette godet. Det er berre ein micro på heile 5-7 og med over 100 elevar, vil det fort bli svært kaotisk om alle skal få nytte denne. Elevrådet er difor einstemmig samde om at ein beheld dagens ordning med at det er 7. trinn som får nytte microen.

- **Ønsker sjakk Brett til utebruk.**

Saka vart drøfta i møtet. Dette vart arbeidd for i vår der elevrådet også søkte på Klubben sitt aktivitetsstipend. Vi fekk dessverre ikkje tildelt dette. Elevrådet må sjå på prioriteringar for innkjøp.

Saker frå 6B:

- **Ønske om å ha teiknesaker og kortspel med ut i friminutta.**

Saka vart drøfta i møtet. Årstida vi er inne i legg ikkje godt til rette for teiknesaker og kortspel ute. Elevrådet tek opp saka vi arbeidd noko med førre skuleår som gjeld innefriminutt ein gong i veka. Elevrådet ser det som relevant å ta opp att denne saka og at friminutt då kan innehalde teiknesaker og kortspel.

- **Ønske om å kunne sklitakle i friminutta (på fotballbana).**

Saka vart drøfta i møtet. Friminutta skal vere trygge og gode for alle og sklitakling er ikkje noko vi ønsker. Det vart sagt at ein stort sett speler klassevis. Elevrådet ber difor klassen om å snakke nærare kring dette.

7A hadde ikkje innspel til saker.

Saker frå 7B:

- Hadde i utgangspunktet ingen spesielle saker, men representantane frå klassen fortel at det i elevgruppa har vore snakka noko om at ein ynskjer ein ny elevkveld slik ein hadde for eit par år sidan. Hilde orienterer hovudsteget (lærarane) om dette.



VIKTIG PÅMINNING FRÅ ELEVRÅDET – OM GJENNOMFØRING AV KLASSERÅD:

Når det har vore gjennomført elevrådsmøte og referat blir sendt ut, er det viktig at desse blir gjennomgått i klassane. Det er på denne måten klassane kan få tilbakemelding og status på dei ulike sakene ein har teke opp.

I forkant av nytt elevrådsmøte blir det alltid sendt ut innkalling. I klasseråd er det viktig at ein nyttar sakslista aktivt. Les sakene opp for klassen og drøft ut frå «bestillinga» som er skildra.

**Neste elevrådsmøte er torsdag 2. november i 5. time. Møtestad: datarommet.
Det blir sendt ut eiga innkalling etter haustferien.**

Beste helsing

Leander Halland Vonen
Referent

Nora Taule Leikanger
Elevrådsleiar 5-7

Hilde Sognnæs Strandos
Elevrådskontakt 5-7